

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

<b>Dato</b>	15.12.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/90379-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Bjørnar Tjoflot
<b>E-post</b>	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
<b>Telefon</b>	99100814

## Fråsegn frå Vestland fylkeskommune til revisjonsdokument for Åmela kraftverk - Stad kommune

NVE har bestemt, etter krav frå kommunane Vanylven og Volda i Møre og Romsdal, at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Åmela skal reviderast. Reguleringa råkar Stårheimselva og Løysingvatna, som ligg i Stad kommune i Vestland fylke. Denne fråsegna omtalar berre dette vassdraget.

Tussa Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av dei innkomne revisjonskrava og føringar frå NVE. Revisjonsdokumentet skal omtale ulemper ved utbygginga, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner og eventuelle nye utgreiingar gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonsesjonar omtalt som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkåra og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak, som kan vere slepp av minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår.

Løysingvatna er opphavelig to vatn kopla saman ved ein 85 m lang kanal og er eit reguleringsmagasin som er overført frå Stårheimsvassdraget, som renn ned til Stårheim i Stad kommune, til Åmela kraftverk i Volda kommune. Løysingvatna er regulert mellom kote 680,5 og 678,5, men i praksis ligg terskel for bjelkestengsel inn i overføringstunnel på kote 679,1, som gjer at heile reguleringsvolumet ikkje vert nytta i dag. Vasstand i magasinet varierer med tilsiget. Nedste 185 000 m<sup>3</sup> av magasinet er sett av til naudvassforsyning til bygda Stårheim i Stad Kommune, og bjelkestengselterskel i overføringstunnel sørger for å møte dette kravet, då magasinivolumet ikkje er målt opp.

### Friluftsliv

Stårheimsdalen er av Stad kommune kartlagt som eit stort turområde utan tilrettelegging og vurdert å ha ein svært viktig verdi som friluftsområde. I beskrivinga av området står følgande: «Turstiar som strekkjer seg innover fjella, inkludert Blåfjellet, Løysingvatna, Bauvatnet og Fannstøylen. Felleshytte ved Løysingvatna. Mest sommarbruk, noko vinter.» Det er og ei registrert turrute som går i sørenden av Løysingvatnet. Desse registreringane om friluftsliv tilseier at Stårheimsdalen, og omkringliggende fjellområde er attraktive friluftsområde med store landskapsverdiar. Like eins med statsforvaltaren meiner vi difor at det i samband med vilkårsrevisjonen må sikrast at bruks- og opplevingsverdiane i området oppretthaldast.

### Fisk og vassmiljø

På side 17 i revisjonsdokumentet står det at anadrom strekning er 95 meter. Det skal vere 950 meter, slik det står på side 33 i revisjonsdokumentet.

I revisjonsdokumentet (side 33) er det vist til at det vart registrert lite laks i Stårheimselva i 2014, til saman 14 laks og alle var to år. Ei [undersøking i 2001](#) viste derimot ein langt høgare tettleik av laks. Det vart då fanga 93 laks på tre stasjonar, og alle årsklassar var til stades. Dette viser at det har vore bra med laks i Stårheimselva tidlegare.

Vasskraft er vurdert å ha liten påverknad i revisjonsdokumentet. I [Lakseregisteret](#) er vasskraft vurdert å ha liten effekt på sjøaure. I Vann-Nett er derimot vasskraft vurdert å ha middels påverknadsgrad. I tillegg er vassdraget vurdert å vere ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), og at det vil vere naudsynt med minstevassføring for at god tilstand kan verte nådd.

Med helsing

**Sølve Dag Sondbø**  
seksjonssjef  
NPI - Grøn vekst, klima og energi

**Bjørnar Tjoflot**  
rådgjevar  
NPI - Grøn vekst, klima og energi

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
STAD KOMMUNE

Njøsavegen 2  
Rådhusvegen 11